

Protokoll
Styremøte nr. 11/2017
Norges Friidrettsforbund
8.desember 15.00
Clarion Hotel & Congress Oslo Airport

Innkalt: Ketil Tømmernes, Kalle Glomsaker, Ragnfrid Margrete Nedberge LLano, Kari Ann Nygård, Anne Farseth, Henrik Carstens, Elisabeth Morthen, Lill Berit Løyte Sjøsåsen, Mathias Vangsnes

Forfall: Geir Nordtømme, Narve Heggheim, Berit Nøbben (sak 100)

Referent: Narve Heggheim

Fra sentraladministrasjonen: Kjetil Hildeskor

Saksliste for styremøte 11-2017:

- Sak 98/2017 Godkjenning av innkalling og protokoll fra forrige styremøte
- Sak 99/2017 Orientering drift v/gensek og orientering fra kvart enkelt styremedlem
- Sak 100/2017 Økonomi og regnskap
- Sak 101/2017 Oversikt over handlingsplaner
- Sak 102/2017 Møteplan 2018
- Sak 103/2017 Handlingsplan og beredskapsplan for antidoping
- Sak 104/2017 Valg/endring av ultraløpsutvalget
- Sak 105/2017 Oppnevning av jury/TD vinter/vår 2017
- Sak 106/2017 Oppnevning av arbeidsgruppe i kunstgrassaker

Sak 98/2017 Godkjenning av innkalling og protokoll frå forrige styremøte

Vedtak: Innkalling og protokoll vart godkjendt.

Sak 99/2017 Orientering drift v/gensek og orientering frå kvart enkelt styremedlem

Styremedlemmene og administrasjonen orienterte om aktuelle saker innan sitt arbeidsområde.

Sak 100/2017 Økonomi og regnskap

Rekneskap og prognose pr. 30.11.2017 vart presentert. Prognose indikerer eit negativt årsresultat på kr 338 086,- mot eit budsjettert negativt årsresultat på kr 769 962,-.

Vedtak: Orientering og prognose vart teken til etterretning.

Sak 101/2017 Oversikt over handlingsplaner

Styret fekk presentert mal for milepeloppnåelse for 2018 på dei ulike område i strategidokumentet som er styrande for NFIF. Dette er eit nyttig verktøy for å ha løpande oversikt over dei ulike fokusområda. Styret vil bruke dette verktøyet aktivt gjennom året for å ha oversikt over korleis ein ligg an på måloppnåelse på dei ulike områda i strategien. Foreløpige data var lagt inn i malen og denne vil bli tilpassa til å gjelde dei fleste fokusområda i strategi og handlingsplaner i NFIF. Ein vil etablere rutiner slik at siste versjon av dokumentet vert lagt ut på styreportalen som pdf i forkant av kvart styremøte.

102/2017 Møteplan 2018

Styret vedtok møteplan i forrige styremøte, men det har komme tilbakemeldingar om at dato for ledermøtet i april var uheldig mht andre møter/arrangement. Styret vedtok difor å endre dato på dette møtet til 21. april med styremøte i forkant kvelden før.

Vedtak: Styret si møteplan for 2018 vert fastsett slik:

18. januar	Styremøte	Oslo/Gardermoen	16.00-20.00
15. februar	Styremøte	Oslo/Gardermoen	16.00-20.00
20. april	Styremøte	Oslo/Gardermoen	16.00-20.00
21. april	Ledermøte	Oslo/Gardermoen	09.00-15.30
15. mai	Styremøte	Oslo/Gardermoen	16.00-20.00
14. juni	Styremøte	Oslo/Gardermoen	16.00-20.00
16-17. august	Styremøte (NM hovedmesterskapet 17-19. aug)	Skei/Byrkjelo NM	15.00-17.30 09.00-12.00
27. sept	Styremøte	Oslo/Gardermoen	17.30-20.20
28. sept	Styre/admseminar budsjett	Oslo/Gardermoen	09.00-15.30
29. sept	Høstmøte	Oslo/Gardermoen	09.00-15.30
2-4. nov	Kompetansehelg/Trenerseminar	Oslo/Gardermoen	Fredag, laurdag, søndag
9-11. nov	Styreseminar	Gardermoen	Fred 17.00-20.00 Laurd 09.00-17.00 Sønd 09.00-13.00
7. des	Styremøte m/juleavslutn		16.00-20.00

Sak 103/2017 Handlingsplan og beredskapsplan for antidoping

Utkast til handlings og beredskapsplan for antidoping vart presentert. Planane er ein del av prosessen med resertifisering som rent særforbund i Antidoping Norge (ADNO) som alle særforbund som vil ha den statusen må gjennomføre.

Vedtak: Styret i Norges Friidrettsforbund vedtek framlagt handlingsplan for antidoping og beredskapsplan ved eventuelle dopingsaker. Administrasjonen får fullmakt til å gjere nødvendige justeringar i planen for å tilfredsstille eventuelle konkrete krav fra Antidoping Norge. Som antidopingansvarleg blir generalsekretær Kjetil Hildeskor valgt. Administrasjonen skal prioritere antidopingarbeid og sertifisering på antidoping etter gjeldande krav frå Antidoping Norge.

Sak 104/2017 Valg/ending av ultraløpsutvalget

Leiar i ultraløpsutvalget bedd om fritak for sitt verv og det er nødvendig å velje ny leiar i utvalet.

Vedtak: Styret oppnevner følgjande for Ultraløpsutvalg tingperioden 2017/18:

John Henry Strupstad, FIK Ren-Eng, leiar
Olav Engen, Romerike Ultraløperklubb
Marit Berg Bjerknes, Romerike Ultraløperklubb
Ragnar Nygård, Romerike Ultraløperklubb
Runar Gilberg, SK Vidar

Sak 105/2017 Oppnevning av jury/TD vinter/vår 2017

NFIF sitt dommarutvalg (FDU) har sett opp juryleiarar og TD til nasjonale meisterskap fram til våren. Øvrige meisterskap blir sett opp seinare.

Vedtak: Etter innstilling frå FDU blir det oppnevnt jury og TD slik:

Dato	Arrangør	Teknisk delegat	Juryleder
Mesterskap	Sted		
3-4 Februar	Oslo og Akershus	Jan Olav Hay	Stein Alvær
Innendørs NM	Bærum Idrettspark		
3-4 Mars	Sandnes IL	Tony Liestøl	Victor Øvregaard
NM Mangelkamp innendørs	Sandnes		
9-11 Mars	Steinkjeralliansen	Stein Karlstad	Nils Kristen Wiig
UM innendørs	Steinkjerhallen		
7-8 April	Osterøy IL	Stein Alvær	Kjersti Haara
NM Terrensløp kort løype	Osterøy		

Sak 106/2017 Oppnevning av arbeidsgruppe i kunstgrassaker

Det kjem fleire og fleire saker der det er ønskje om å erstatte naturgras på friidrettsanlegg med kunstgras. Det er behov for å oppnevne ei arbeidsgruppe som kan oparbeide og bidra med spisskompetanse som rådgjevarar i slike saker.

Vedtak: Anleggsutvalget får fullmakt til å oppnevne ei arbeidsgruppe med spesialområde for å jobbe med kunstgrassaker.